



Barne-, ungdoms- og familieetaten Sogn og Fjordane ungdomssenter

Bufetat

Barne-, ungdoms- og familieetatens fem regionar har som hovudoppgåve å drifte og drive etaten sine institusjonar og familievernkontor. I tillegg har regionane ansvar for fosterheimsrekruttering og oppgåver knytt til adopsjon. Barn, unge og familiane deira skal få riktig hjelp til rett tid uansett kvar dei bur i Noreg. Bufetat sine fem regionar og Bufetat Senter for administrasjon og utvikling rapporterer til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet som er underlagd Barne-, og likestillingsdepartementet.

Bufetat, region vest femnar om fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Regionkontoret ligg i Bergen.

Sogn og Fjordane ungdomssenter er ei institusjonseining for barn og unge i alderen 12 - 18 år(20 år) som treng eit mellombels institusjonsopphald eller ein statleg familieheim. Eininga er organisert i 2 institusjonsavdelingar, Bregnetunet i Førde og Meltunet på Nordfjordeid. Sogn og Fjordane ungdomssenter har og eiga avdeling for familieheimar.

Miljøterapeut/miljøarbeidar - 2 stillingar som våken nattevakt

Ved Sogn og Fjordane ungdomssenter, avd. Bregnetunet i Førde er det ledig to faste miljøterapeut/miljøarbeidarstillingar som våken nattevakt. Stillingane er fast i stillingsprosent mellom 60% og 70% . Vi har og behov for å knytte til oss fleire ekstravakter/vikarar.

Arbeidsoppgåver/ansvarsområde:

- Målretta miljøterapeutisk arbeid
- Praktiske oppgåver i avdelinga
- Samarbeid med foreldre/føresette og anna nettverk rundt den einskilde ungdom
- Rapportar og anna skriftleg dokumentasjon

Kvalifikasjonar:

- For tilsetjing som miljøterapeut i stillingskode 1489 er det krav om relevant høgskuleutdanning tilsvarande 180 studiepoeng, som barnevernpedagog (1495) , sosionom (1494), klinisk sosionom (1173), spesialutdanna sosionom (1185) eller anna relevant høgskuleutdanning.
- For tilsetjing som miljøarbeidar i stillingskode 1486 er det krav om treårig vidaregåande skule, autorisasjon som barnepleier/hjelpepleier eller fagbrev som omsorgsarbeidar eller ungdomsarbeidar. Lang relevant yrkeserfaring kan kompensere for manglande formalkompetanse.
- Det er ønskeleg med erfaring frå miljøterapeutisk arbeid i barneverninstitusjon, særleg med ungdom som målgruppe.
- God skrifteleg og munnleg framstillingsevne
- Gode datakunnskapar
- Førerkort for personbil.
- Påliteleg og nøyaktig.
- Gode evner til samarbeid
- Strukturert, fleksibel og løysingsfokusert
- Evne til å ta imot rettleiing og å gjøre seg nytte av denne.
- Bidra til eit godt arbeidsmiljø

Personlege eigenskapar vil bli vektlagt.

Kven søker vi:

- Vi søker deg som har evne til å ta ansvar, er sjølvstendig og trygg.
- Du kan ivareta ungdom og deira behov, samtundes som du kan opprette god struktur og fagleg perspektiv.
- Du er fleksibel og trivast med utfordringar.
- Du har evne til å nytte traumebevisst tilnærming i møte med ungdom.
- Du har fokus på brukarmedverking og familie- og nettverksarbeid.

Vi tilbyr:

- Arbeid på institusjon med godt arbeidsmiljø og fagleg høg standard. Arbeidstid etter gjeldande turnus.
- Stillingane er plassert i statlig lønnsregulativ som miljøterapeut i stillingskode 1489, LR 15, alt. 3-11, p.t. kr 371 500 - 488 500 pr.år (ltr. 38 - 56), eller som spesialutdanna miljøterapeut i stillingskode 1534, LR 18, alt. 3-11, p.t. kr 397 200 - 524 200 pr. år (ltr. 43 - 60) ved relevant vidareutdanning tilsvarande 60 stp. Lønn og stillingskode blir vurdert etter utdanning og erfaring. Som miljøarbeidar er stillingane plassert i kode 1486, lønnsramme 04, alt. 3-11, p.t. kr 310 900 - 386 100 (ltr. 23 - 41) pr år i full stilling.
- Medlemskap i Statens pensjonskasse jf. Lov om Statens pensjonskasse, som innebærer ein god tenestepensjonsordning, tilbud om bustadlån til konkurransedyktig betingelsar, samt yrkesskade- og gruppelivsforsikring.

Generelle opplysningar:

- Bufetat ynskjer å vere ein arbeidsgjevar som speilar mangfaldet i samfunnet og som utnytter potensialet i befolkningen sine samla kompetansar. Vi oppfordrar derfor alle kvalifiserte kandidatar til å søke jobb hos oss. Bufetat jobber for å realisere regjeringa si inkluderingsdugnad om at 5 % av faste nyansettingar i staten skal vere personar med nedsatt funksjonsevne eller hull i CV'en.

- Stillingane er for tida lagt til Sogn og Fjordane Ungdomssenter, avdeling Bregnetunet i Førde.
- Politiattest blir krevd fremlagt ved tilsetting, jf. lov om barnevern § 6-10 og forskrift om politiattest § 6. Denne attesten skal ikkje leggest ved søknaden.
- Vi gjør merksam på at opplysningar om søkjar kan bli gjort offentlig selv om søkjar har oppfordra om ikkje å bli ført opp på søkerlista, jf. Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova), § 25.

Kontaktperson for stillinga:

Avdelingsleder Ester Ytredal, tlf. 46619766

Søknad med CV vert å senda elektronisk via linkje på denne sida

Vitnemål og attestar med bekrefta stillingsstorleik og varigheit skal takast med ved eit evt. intervju.

Søknadsfrist: 03.02.19

Jobbnorge-ID: 162983, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut